

Giske med grønt lys for andeløp

23.06.2008



Ivar Gundersen klar for andeslipp ved Djupehølen. Blir det nytt løp neste år? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kultur- og kyrkjeminister Trond Giske svara måndag skriftleg på eit spørsmål frå stortingsrepresentant Ib Thomsen frå Framstegspartiet og ga grønt lys for andeløp av det omfang som vart avvikla under Aktivitetsdagen i Uskedalen for stutt tid sidan. Dermed overprøvde han Lotteritilsynet.

Utgangspunktet for spørsmålet frå Thomsen var at 1.000 gule og nummererte badeender dei siste tre åra er sluppe frå Sundbrua i Eidsvoll under det som blir kalt "Vanvittige dager". I år skal dette arrangementet haldast 23. august..

Politiet har før gjeve løyve, men no sa Lotteritilsynet nei. Tilsynet har frå siste årsskifte fått overført til seg all lotteriforvaltning. Thomsen spurte kva statsråden ville gjera for at lokale lag og foreningar ikkje vert stoppa ved lov av Lotteritilsynet når det blir arrangert uskuldig underhaldning, som han formulerte det.

Statråden svara at Lotteritilsynet ved sine vurderingar vil ha problem med å leggja avgjerande vekt på politiets tidlegare praksis og vedtak då denne ofte varierte mellom dei ulike politidistrikta. Fordelen er at praktiseringa av loven no blir lik i heile landet.

Men Giske heldt fram:

- Likevel er det viktig at Lotteritilsynet så langt som mogeleg viser velvilje i høve til tradisjonelle, lokale arrangement som blir omfatta av lotteriloven. Difor har eg no i brev til tilsynet bedt om at den praksis det følgjer blir endra slik at det innafor reglane for dei mindre meldingslotteria med omsetnad under 150.000 kroner kan opnast for å vidareføra tradisjonen med å halda såkalla andeløp.

Ib Thomsen rosar etter dette Giske for å vise fornuft.

Og dermed kan det haldast andeløp ikkje berre i Eidsvoll, men også neste år i Uskedalselva – hvis Aktivitetshusets Damevenner vil.

Og det vil dei vel, for løpet var ein stor suksess....

Av Ola Matti Mathisen